

KVA HENDER I



Fjelberg prestegjeld

Nr 3/3 Desember 2006 22.Årg.

Juleenglane



Englar høyrer jula til. Derfor har vi englar som pynt i heimen ved juletid. No vil eg fortelja om juleenglane. Dei fekk ei spesiell oppgåve den fyrste jula. Men før eg seier noko meir om dei, vil eg ta fram eit minne eg har knytta til ein julesong.

Som barn likte eg å syngja julesongar i juletida. Ein av songane eg likte best, var "Glade jul, hellige jul." Men eg må innrømme at songen hadde nokre vanskelege ord som eg ikkje forstod. Dei fantaserte eg ikring. Det var englar "som dalte ned i skjul" og som "lønnlig iblant oss de går."

Sidan har eg fått sjå at denne julesongen gjer bodskapen som høyr-

er jula til, nærverande for oss. Bodskapen i jula er ikkje berre ei forteljing om noko som fann stad for lenge sidan, men fortel om noko som finn stad kvar jul.

No kjem juleenglane inn i bilete. På Betlehemsmarkane var det nokre gjetarar som vakta sauene sine. Det var nattetid. Brått står ein Herrens engel framføre dei og seier: "Frykt ikkje! Eg kjem til dykk med ein god bodskap: I dag er det fødd dykk ein frelsar i Davids by. Han er Kristus, Herren."

No vil eg knytta juleenglane til eit bilete. Det er jul. Vi ser juleenglane flygande – ikkje over Betlehemsmarkene, men over ei gruppe menneske som er ute og

går i denne juletida. Det er hus ikring. Biletet vil seia oss at bodskapen som engelen kom med til gjetarane, det kjem til oss i dag. Vi finn det i Bibelen. I jula forkynner presten bodskapen til kyrkjelyden i gudstenesta. Det lyder: "I dag er det fødd dykk ein frelsar i Davids by. Han er Kristus Herren."

Julesongen høyrer saman med julebodskapen. Den fyrste julesongen frå englane har fulgt kyrkja sidan: "Ære vere Gud i det høgste og fred på jorda hjå menneske som Gud har hugnad i."

Vi har fått ein frelsar. Hans namn er Jesus. Glededeleg jul!

TN



Frå bispevisitasen

I dagane 8. til 12. november hadde vi bispevisitas i Fjelberg prestegjeld. Det vart dagar med mykje innhald og mange opplevingar.

I løpet av visitasen har biskopen delteke på fire gudstenester, to skulegudstenester, ei kveldsgudsteneste i Fjelberg kyrkje og visitasgudstenesta om søndagen i Eid kyrkje. Etter gudstenestene i Fjelberg- og Eid kyrkje har det vore kyrkjekaffi - i prestegarden på Fjelberg, i Gjestegården i Sæbøvik. Han har hatt møte med staben, med lærarar og med

kommuneleiinga. Vi kan elles nemna at han har vore til stades på kyrkjelydsfest, hatt spørjetime med ungdomsskuleelevar, hatt møte med soknerådet og tilsette, truffe speidarar på det nye speidarhuset, vore på bedriftsbesøk hos Eide Maritime Services og hatt samtalar med kyrkjeleg tilsette. Dessutan har det vore kontorvisitas.

Biskopen har vore innlosjert på Gjestegården desse dagane.

Vi seier mange takk for besøket til biskopen og følgjet hans.

T.N



Frå kyrkjekaffien på Fjelberg prestegard

KVA HENDER I FJELBERG PRESTEGJELD

Eit meldingsblad for Fjelberg prestegjeld

Redaksjonen:

Soknepresten 53 47 62 47
Norunn Agdestein 53 47 64 64
Harald Thuestad 53 47 27 76
Roar Sæbø (kasserar) 53 47 63 60

KYRKJELEGE ARBEIDARAR:

Terje Nag 53 49 40 64
Sokneprest

Ole A. Helland 984 16 333
Organist

Grete Svalland 53 47 64 72
Kontormedarb.

Fjelberg og Eid sokneråd:

Oddmund Tofte 53 47 40 81
Soknerådsformann

Fjelberg kyrkje:

Grete Svalland 53 47 64 72
Kyrkjetenar/klokkar

Eid kyrkje:

Håvard Eide 53 47 64 20
Klokkar

Idar Bjørgen 53 47 72 55
Kyrkjetenar/gravar

Kontortid, kyrkjekontoret.

Tysdag og torsdag kl. 11.00-14.00

Telefon 53 47 62 47
Fax 53 47 20 22

Internettsider:

www.kyrkja-kvinnherad.no
www.menighetsblad.no

e-mail til redaksjon:

red.fjelberg@knett.no

Trykking og utsending av blad kostar. Det vert ikkje billigare med åra. Ønsker DU å støtta til, kan du betala til kontonummer: 0530.03.52369. All hjelp tas imot med TAKK.

I GLEDE OG SORG

DØYPTE I EID KYRKJE

17.09. Hedda Elisabeth Heimvik
01.10. Hannah Isdal Cunningham
22.10. Christoffer Njøs Landa
22.10. Hans Olav Hindøy
05.11. Marte Irene Reigstad
05.11. Kasper Eide Ylvisaker

VIGDE I EID KYRKJE

26.08. Caroline Doria Risnes og
Ronny Kleveland

VIGDE I FJELBERG KYRKJE

02.09. Eileen Eide og
Bjarte Vik

GRAVLAGDE I EID

22.08. Annbjørg Tvedten
25.08. Gjert Tofte
20.10. Carl Knut Amundsen
20.10. Martin Hellen
27.10. Klara Helene Hauge
07.11. Olav Koløy

GRAVLAGDE I FJELBERG

31.10. Herborg Gjærde

Prosesjonskross

Under visitasen tok vi i bruk ein ny prosesjonskross. Han vert nytta på dei to skulegudstenestene og på visitasgudstenesta.

Vi seier mange takk til Per Lomheim som har laga den fine krossen.

TN

KonfCamp 07

KonfCamp 07 vert 2. – 8. juli på Risøya ved Tvedestrand. Tre år på rad har konfirmantar herifrå vore med på KonfCamp og fått flotte opplevingar med seg vidare i livet. Vi vil arbeida for at konfirmantar også neste år får tilbod om å reisa på KonfCamp.

TN

Takk til Ole A. Helland

Som me vel veit, så har Ole A. Helland slutta som organist i Fjelberg prestegjeld. Menigheten vil derfor rette ei stor takk til Ole for den innsatsen han har gjort i forsamlinga. Me vil ønska deg lukke til vidare.



Ny organist

Det er tilsett ny organist. Det er Marit Lindekleiv frå Husnes. Ho byrjar i stillinga frå nyåret av. Vi ynskjer henne velkomen som medarbeidar i kyrkjelyden.

Gudstenesteliste for Fjelberg og Eid

24.des	Kl. 14.00	Eid	Julekveldsgudsteneste
24.des	Kl. 15.30	Eid	Julekveldsgudsteneste
24.des	Kl. 17.00	Eid	Julekveldsgudsteneste
25.des	Kl. 11.00	Fjelberg	Høgtidsgudsteneste
26.des	Kl. 11.00	Eid	Høgtidsgudsteneste
31.des	Kl. 16.00	Eid	Nattverd
01.jan			Inga gudsteneste
07.jan	Kl. 11.00	Eid	Nattverd
14.jan	Kl. 11.00	Høylandsbygd	
21.jan	Kl. 11.00	Fjelberg	Nattverd
28.jan	Kl. 11.00	Eid	Nattverd
04.feb			Inga gudsteneste
11.feb	Kl. 11.00	Eid	Familiegudst. Bok til 1-klassingar
16.feb	Kl. 18.00	Eid	Speidargudsteneste, Tenkedag
18.feb	Kl. 11.00	Fjelberg	Familiegudst. Bok til 1-klassingar
25.feb	Kl. 11.00	Eid	Nattverd
04.mars			Inga gudsteneste
11.mars	Kl. 11.00	Hauge skule	Familiegudsteneste, Barnas misjonsdag
18.mars	Kl. 11.00	Fjelberg	Nattverd
25.mars	Kl. 11.00	Eid	Nattverd
01.apr	Kl. 11.00	Eid	
05.apr	Kl. 11.00	Fjelberg	Nattverd
06.apr	Kl. 11.00	Eid	Nattverd
08.apr	Kl. 11.00	Fjelberg	
09.apr	Kl. 11.00	Eid	Påskedag
15.apr			Inga gudsteneste
22.apr	Kl. 17.30	Eid	Samtalegudsteneste
28.apr	Kl. 11.00	Eid	Konfirmasjon
29.apr	Kl. 11.00	Eid	Konfirmasjon
01.mai			Inga gudsteneste
06.mai	Kl. 11.00	Fjelberg	Konfirmasjon

Konfirmasjonsdagar til våren

Våren 07 får vi to konfirmasjonsdagar i Eid kyrkje. Det vert laurdag 28/4 kl. 11.00 og søndag 29/4 kl. 11.00.

Det var eit ynskje frå nokre føresette til konfirmantar om å få

ha konfirmasjon på laurdagen i i staden for søndagen.

Soknerådet handsama ein søknad om saka og gjekk inn for konfirmasjon på laurdagen i 07 på vilkår av at det var om lag like mange konfirmantar på begge gudstenestene.

TN

Testamentarisk gåve til Eid kyrkje

Eid kyrkje har fått ei testamentarisk gåve frå Johannes J. Tofte sitt dødsbu. 20% av netto salsverdi av bustadeigedomen på Sæbøvik er testamentert til Eid kyrkje v/Eid sokneråd. Buet er no oppgjort, og den testamentariske gåva er kr. 82809,25. Det er sagt i testamentet at midlane skal nyttast til ekstra utstyr og hjelpemiddel, utsmykking eller liknande som det er vanskeleg å få dekkja ved offentlege løyvingar.

Soknerådet er svært takksame for gåva, og vil syta for at pengane vert nytta på ein god måte og i tråd med føringane i testamentet.

I den samanheng vil me gjerne ha innspel frå kyrkjelyden om korleis desse pengane kan nyttast. Ta kontakt med sokneråd eller kyrkjekontor dersom du har ein god ide.

N.A

Bønevandring

Vi treng å vera stille for Herren. Ei bønevandring kan hjelpa oss til det.

I gudstenesta på nyårsaftan i Eid kyrkje vil vi ha ei bønevandring. I bønevandringa tek vi i bruk kyrkjerommet. Vi har stasjonar som vi kan gå til, på ulike stader i kyrkjerommet. Dei stasjonane vi vil bruka, kan vi kalla krossen, globen, bilete og altarringen. Dessutan kan ein sitja i kyrkjebenken. Litt om stasjonane.

Krossen

Denne stasjonen vil hjelpa oss ved ei symbolhandling å leggja det som tyngjer oss, ved foten til Jesu kross. Vi brukar prosesjonskrossen og har ei korg med steinar attmed.

Globen

Globen har eit hovudlys som fortel om Jesus, i sentrum. Vi kan få tenna våre lys frå Kristuslyset og setja i globen. Gjennom symbolhandlinga kan vi bera fram bøner til Jesus og knytta håp til dei.

Bilete

På denne stasjonen får vi inntrykk til ettertanke.

Altarringen

Nokon set pris på å knela når dei bed. Det gir altarringen høve til. Samstundes er ein nær altaret og altartavla.

Velkomen til å vera stille for Herren, til bønevandring i kyrkja.

TN

Gratulerer!

Vi gratulerer speidarane på Halsnøy med nytt speidarhus. Innviingsfesten var laurdag 4. november.

TN



Gåve frå landstyret v/Kjell Einar Bergsager



Noko som kan gje nyhuset sjel og eit rikt gåvebord.



Biskopen preika

Visitasforedraget

Den offisielle delen av visitasen vart avslutta med visitasforedraget i Eid kyrkje om søndagen.

Eit ord som gjekk igjen i ein del av foredraget, var ordet endring. Han knytta det til det som ville skje med Halsnøysambandet og med tettare tilknytning til Halsnøy for Fjelbergøy og Borgundøy, til samanslåinga av Fjelberg- og Eid sokn, til kristendomsfaget som er avløyst av det nye KRL-faget og til det som kan skje i tilhøvet stat – kyrkje.

Biskopen peika på noko å arbeida vidare med. Det var:

1. Ein gjennomgang av gudsteneplanen i prestegjeldet.
2. Kyrkjelyden gje merksemd til dei unge i tida som kjem.
3. Soknerådet har fått utfordringa å skipa til eit drøftingsmøte med leiarane i Husnes og tilliggande sokn. Stikkordet er ”samtenking.” Det er det nye tunnelsambandet som gjer det ynskjeleg.

TN

Visitagudstenesta

Sundag 12. november var det visitagudsteneste i Eid kyrkje, og mykje folk møtte fram til den gudstenesta. Som elles i gudstenester som er litt utanom det vanlege, vart det prosesjon. I prosesjonen gjekk klokkar, tekstlesarar, prost, prest og biskop. Til dette høvet hadde me fått prosesjonskross til kyrkja vår.

Prosten vår leia gudstenesta fram til preika. Deretter overtok biskopen, som heldt talen. Han preika over teksten for dagen – Matt. 18, 15-20. Denne teksten handlar om at me skal snakka til rette dei som forgår

seg på eitt eller anna vis, men biskopen peika også på kor farleg dette kan vera. Han meinte at den som skulle utføra dette, måtte gjera det i kjærleik til den personen som skulle snakkast til rette. Elles ville det lett kjennast som ei fordøming. Det var i slike tilfelle viktig å få tydeleg fram at ingen av oss er syndefri; - heller ikkje den personen som måtte ta på seg ei slik oppgåve. Me blei minna om linkinga om flisa og bjelken. - Han kom og inn på kva nattverden betyr for oss. Og han gav uttrykk for at han var tilfreds med si eiga utsegn då han



Inngangsprosesjon



Strupebandet song

kalla nattverden ”ei komprimert syndetilgjeving”.

Etter preika var det soknepresten som leia gudstenesta, og det var han og biskopen som delte ut nattverden. Før den starta, rettleia bispen om dei to formene som kan brukast under nattverden. Denne dagen ville dei bruka den meir sjeldne forma som bispen samanlikna med ei pilegrimsvandring, der ein iblant hadde trong for ”mat”. Nattverden skjedde på

den måten at folket skulle koma framover som eit pilegrimstog på eine sida av midtgangen. Framme hos biskopen fekk ein så eit nattverdrød. Dette brødet dyppa ein i vinbegeret som soknepresten heldt. Deretter gjekk folk tilbake på andre sida av midtgangen. Det vart eit langt pilegrimstog i kyrkje denne dagen. Svært mange mottok nattverden.

Noko som også var med og sette ein ekstra spiss på

visitagudstenesta, var songen frå ”Strupebandet”. Frå galleriet song dei vakkert ”For Ånden utforsker alle ting”. Under nattverden framførde dei ”Belmont-hymnen” og ”Dona nobis pacem”. Koret gav og fin støtte til salmesongen; særleg kjekt var det å syngja bøneropet ”Å, Gud høyr vår bøn” som dei song tre-stemt.

Straks gudstenesta var avslutta, heldt bispen visitasforedraget sitt. (Sjå ovanfor.) Kyrkjelyden vart så inviterte til kyrkjekaffi på Gjestegården.

NA



Frå gudstenesta fredagskvelden i Fjelberg kyrkje